



Festidalen har ein god profil, mellom anna med banner og dekorasjonar på løe, hus og stolpar.

Alt er klart til årets Festidal 2018. Eit fire siders program med vakre bilete fortel det meste. Her finn du eit komplett program med speletider, info om Festidagen, Lambasleppet, Festitaren, Næringsseminar, Festifjellet og Festidagen show. Med kortfatta og presis informasjon får du vita det som trengst om det praktiske. Les meir kva festivalleinga skriv i eit samandrag:

Festidalen nærmer seg med stormskritt. Vi vil difor senda dykk litt informasjon om dei forskjellige aktivitetane som skal foregå under Festidalen helga.

Vi fyrer i gong med Lambasleppet i båthamna i Uskedalen på torsdagen med mange flinke nykommarar.

Både fredag og lørdag inviterer Festifjellet til to toppturar. Fredag går turen til Geitdalstinden og laurdag går den til Englafjell, der ein på begge turane skal vera nede igjen til konsertprogrammet startar.

På fredag kjører vi òg i gong med Næringsseminaret, der vi i år samarbeider med samarbeidsrådet i Sunnhordland. Temaet er teknologi og digitalisering, noko som passer bra i 2018.

Sist men ikkje minst: Festitaren er sjølvsgatt i båthamna saman med tang og tare. Sjølvaste leiar av Hordaland bondelag, Kjetil Mehl, skal prøva å kjempa seg til tittelen Årets Kongekrabbar 2018, dette blir ikkje anna enn gøy.

Tekst: Marta Nerhus/Kristian Bringedal

Foto: Festidalen

Nett: Kristian Bringedal